

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 31.03.2016

Vår ref.: 201307610-9, 201300551-8, 201300375-8,
201300373-8, 200905415-9, 201300810-8, 201301019-8
og 201300220-8 ksk/rmo, ksk/biwi og ksk/hela

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamarar:

Birgitte Kjelsberg 22 95 90 32

Henrik Langbråten 22 95 94 18

Rune Moe 22 95 93 15

Fleire søkjarar – Søknad om løyve til 8 små vasskraftverk i Modalen kommune i Hordaland – høyring

NVE har no starta si handsaming av åtte småkraftverk i Modalen kommune. Søknadene skal handsamast samstundes og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakane samla.

Dei åtte sakene i Modalenpakken er:

Kraftverk	Søkjer	GWh	MW	Lenker	Sakshandsamar
Nåmdalselva kraftverk	Modalen Kraftlag BA	10,3	4,2	her	Rune Moe
Tverråni kraftverk	Modalen Kraftlag BA	5,8	2,2	her	Rune Moe
Budal II kraftverk	Modalen Kraftlag BA	9,2	3,1	her	Rune Moe
Kvernhusfossen kraftverk	Modalen Kraftlag BA	8,6	2,7	her	Birgitte Kjelsberg
Todeilselva kraftverk	Småkraft AS	6,7	2,7	her	Birgitte Kjelsberg
Seljedalselva kraftverk	Modalen Kraftlag BA	5,8	2,3	her	Henrik Langbråten
Bleidalselva kraftverk	Modalen Kraftlag BA	4,6	1,9	her	Henrik Langbråten
Almelidselva kraftverk	Modalen Kraftlag BA	4,5	1,7	her	Henrik Langbråten

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Nåmdalselva kraftverk - Modalen Kraftlag BA

Modalen kraftlag BA ynskjer å nytte fallet i Nåmdalselva. Inntaket er planlagt på 282 moh. og det er tre alternative plasseringar for kraftstasjonen frå 125-140 moh. Inntaksdammen i betong er planlagt med ei lengd på 25 m og ei høgd på 3 m. Vassvegen på totalt 1590 m er planlagt som nedgraven røyrgate fram til kraftstasjonen. Det søkjast om bygging av opptil ca. 200 m ny veg avhengig av alternativ for kraftstasjon.

Middelvassføringa ved inntaket er 1224 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3,06 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,2 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på 10,3 GWh, om største fallhøgda får konsesjon. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1505-1720 m lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 160 l/s sommartid (1.5-30.9) og 50 l/s resten av året.

Tverråni kraftverk - Modalen Kraftlag BA

Modalen kraftlag BA ynskjer å nytte eit fall på 258,5 m i Tverråna med inntak på 393,5 moh. og kraftstasjon på 135 moh. På planlagt utnytta elvestrekning ligger Tverrdalsfossen. Inntaksdammen er planlagt med ei lengd på 12 m og ei høgd på 3 m. Vassvegen er planlagt som delvis bora tunnel (265 m) i kombinasjon med nedgraven røyrgate på kvar side av tunnelen. Total lengde på vassvegen er 680 m. For åtkomst til inntaket søkjast det om å byggje 1,3 km ny veg, medan det til kraftstasjonen søkjast om 30 m ny veg.

Middelvassføringa ved inntaket er 411 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,03 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,2 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på 5,8 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 650 m lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 38 l/s sommartid (1.5-30.9) og 22 l/s resten av året.

Budal II kraftverk - Modalen Kraftlag BA

Modalen kraftlag BA ynskjer å nytte eit fall på 102 m i Budalselva med inntak på 127,5 moh. og kraftstasjon på 25,5 moh. På planlagt utnytta elvestrekning ligg kraftverket Budal I. Inntaksdammen er planlagt i betong med ei lengd på 25 m og ei høgd på 2 m. Vassvegen er planlagt som nedgraven røyrgate (1,3 km) fram til kraftstasjonen. Det er allereie veg fram til kraftstasjonen og langs deler av røyrgatetraseen, og det søkjast om midlertidig anleggsveg på resterande deler av strekninga. For åtkomst til inntaket søkjast det om å byggje 50 m ny permanent veg.

Middelvassføringa ved inntaket er 1,9 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3,8 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,1 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på 9,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1500 m lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 174 l/s sommartid (1.5-30.9) og 39 l/s resten av året.

Kvernhussfossen kraftverk - Modalen Kraftlag BA

Modalen kraftlag BA ynskjer å nytte eit fall på 277 m i Kvernhussfossen med inntak på 282 moh. og kraftstasjon 5 moh. Inntaksdammen i betong er planlagt med ei lengd på 10 m og ei høgd på 1,5-2,5 m. Vassvegen leggjast fyst som bora sjakt i 470 m frå inntaksdammen, så vidare i tunnel i 160 m og 40 m med nedgraven røyrgate fram til kraftstasjonen. Til kraftstasjonen søkast det om bygging av 60 m ny veg. I resten av prosjektet søkast det om at eksisterande vegnett vert brukt.

Middelvassføringa ved inntaket er 725 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,09 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,7 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på

8,63 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 660 m lang elvestrekning, kor hovuddelen av fallet utgjør ein foss. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 175 l/s sommartid (1.5-30.9) og 30 l/s resten av året.

Todeilselva kraftverk - Småkraft AS

Småkraft AS ynskjer å nytte eit fall på 250 m i Todeilselva og Almabekken med to inntak på 355 moh i begge elvene ned til kraftstasjonen på 105 moh. Hovudinntaksdammen i Todeilselva blir om lag 10 m langt og 3-4 m høg. Overføringsinntaket i Almabekken blir om lag 7-8 m langt og 2-3 m høg. Frå hovudinntaket vil vatnet først i ei 900 m lang nedgraven røyrgate ned til 150 moh kor ei 650 m lang nedgraven røyrgate frå inntaket i Almabekken møtes. Vidare først vatnet i eit felles nedgrave røyr på 280 m fram til kraftstasjonen. Utløpet frå kraftstasjonen leggjast til Ædnabekken om lag 150 m ovanfor samløpet. Til hovudinntaket søkjast det om bygging av 400 m ny veg. I resten av prosjektet søkast det om at eksisterande vegnett vert brukt.

Middelvassføringa ved inntaket i Todeilselva er 546 l/s, medan middelvassføringa ved inntaket i Almabekken er 100 l/s. Kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,3 m³/s, og er planlagt med ein installert effekt på 2,7 MW. Etter plana vil årsproduksjonen bli på om lag 6,7 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1630 m lang strekning i begge elvene, kor 490 m utgjør Almabekken. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 30 l/s hele året i Todeilselva og 4 l/s hele året i Almabekken.

Seljedalselva kraftverk - Modalen Kraftlag BA

Modalen kraftlag BA ynskjer å nytte eit fall på 190 m i Seljedalselva med inntak på 383 moh. og kraftstasjon 193 moh. Kraftstasjonen vil vere eit felles bygg for både Seljedalselva og Bleidalselva kraftverk. Inntaksdammen i betong er planlagt med ei lengd på 12 m og ei høgde på 2,5 m. Det er òg planlagt å overføre Trollegilsbekken til inntaket i Seljedalselva. Overføringa vil gå via ei bora sjakt med ein diameter på 400 mm og ei lengd på 240 m. Frå inntaket i Seljedalselva først vatnet i eit 800 mm røyr over ei strekning på 555 m ned til kraftstasjonen. Røyrkata skal gravast ned og dekkjes til på heile strekninga. For åtkomst til inntaket søkjast det om bygging av 690 m ny veg. For åtkomst til kraftstasjonen søkjast det om ein 370 m ny permanent veg.

Middelvassføringa ved inntaket er 580 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,45 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,25 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på 5,8 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 600 m lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 47 l/s sommartid (1.5-30.9) og 28 l/s resten av året.

Bleidalselva kraftverk - Modalen Kraftlag BA

Modalen kraftlag BA ynskjer å nytte eit fall på 150 m i Bleidalselva med inntak på 343 moh. og kraftstasjon 193 moh. Kraftstasjonen vil vere eit felles bygg for både Seljedalselva og Bleidalselva kraftverk. Inntaksdammen i betong er planlagt med ei lengd på 15 m og ei høgde på 2,5 m. Det er òg planlagt å overføre ein sidebekk til inntaket i Bleidalselva. Overføringa vil gå via eit nedgrave røyr med ein diameter på 400 mm og ei lengd på 80 m. Frå inntaket i Bleidalselva først vatnet i ei nedgraven røyrgate på 580 m ned til kraftstasjonen. For åtkomst til kraftstasjonen søkjast det om ein 370 m ny permanent veg. For åtkomst til inntaket søkjast det om bygging av ein mellombels veg på 80 m.

Middelvassføringa ved inntaket er 625 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,56 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,9 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på 4,6 GWh. Det er registret ein utvald naturtype (hole eiker) i tiltaksområdet, og utbygginga vil føre til

redusert vassføring på ei 630 m lang elvestrekning. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 23 l/s sommartid (1.5-30.9) og 14 l/s resten av året.

Almelidelta kraftverk - Modalen Kraftlag BA

Modalen kraftlag BA ynskjer å nytte eit fall på 224 m i Almelidelta med inntak på 353 moh. og kraftstasjon 129 moh. Inntaksdammen i betong er planlagd med ei lengd på 10 m og ei høgd på 3 m. Frå inntaket førast vatnet i eit 700 mm røyr over eit strekke på 730 m ned til kraftstasjonen. Røyrkata gravast ned og dekkes til på heile strekningen. For åtkomst til inntaket og øvre del av røyrkata søkjast det om bygging av 940 m ny permanent veg. I resten av prosjektet søkast det om at eksisterande vegnett vert brukt.

Middelvassføringa ved inntaket er 360 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 0,9 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,7 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på 4,5 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 650 m lang elvestrekning. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 25 l/s heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drifta av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

I samband med høyringa vil NVE halde **eit offentleg folkemøte på Bryggjeslottet tysdag 24.5.2016 kl. 18.00**. Her vil søkjarane informere om prosjekta i Modalen og NVE vil orientere om sakshandsaminga. Det vil vere mogleg med spørsmål.

Søknadane skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadane med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og dei vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ynskjer papirutgåve av søknadane, kan de ta kontakt med tiltakshavar for kvart enkelt prosjekt.

NVE ber kommunen om å leggje to eksemplar av søknadane ut til offentleg ettersyn på *Kundetorget* i kommunehuset på Mo og eit eksemplar på Coop Modalen fram til **1.7.2016**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre eksemplaret må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. NVE har utarbeida eit kart over alle kraftverka i regionen inkludert dei søkte kraftverka som no er på høyring, sjå vedlegg eller NVE sine nettsider.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE foretrekk at fråsegner sendast oss elektronisk. Gå inn på saka si heimeside via www.nve.no/konsesjonssaker for lenkje til nettskjema. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Fråsegn sendast så snart som mogleg og seinest innan **1.7.2016**.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegnet er langt, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef

Birgitte M W Kjelsberg
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

- Kunngjering
- Orientering til høyringspartar
- Orientering til søkjar
- Oversiktskart

Mottakarar:

Modalen kommune
Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland
Statens vegvesen – region vest
Statnett
Miljødirektoratet
Direktoratet for mineralforvaltning
BKK Nett AS
Norges Miljøvernforbund
Naturvernforbundet i Hordaland
Bergen og Hordaland turlag
Nordhordaland turlag
FNF Hordaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Norsk Ornitologisk Foreining – avd. Hordaland
Modalen kraftlag BA
Småkraft AS